

Vår dato: 14.06.2013
Dykkar dato: 20.03.2013
Vår ref: 119018-1-1
Dykkar ref: NVE 200904768-09,
201208318-04, 201208320-03,
2010005969-07, 200802650-08,
201208322-04, 200804328-08,
201208324-04, 201208269-04,
2010000519-07, ksk/bth, dkj og stp



NVE
Postboks 5091 Majorstuen
0301 OSLO
e-post: nve@nve.no

HØYRINGSFRÅSEGNER TIL KONSESJONSSØKNADER FOR 10 SMÅKRAFTVERK I FLORA KOMMUNE. NETTSITUASJONEN.

Vi viser til Dykkar brev av 20.03.2013 med oversikt over 10 konsesjonssøkte kraftverk i Flora kommune.

SFE Nett har områdekonsesjon der dei aktuelle kraftverka er planlagde.

Vi har følgjande kommentar til situasjonen i sentralnettet og i lokalt nett vedkomande planar for dei einskilde kraftverka.

Den 01.04.09 vart det sendt eit brev til NVE frå Statnett i samarbeid med SFE Nett og Istad Nett om situasjonen i sentralnettet i mellom Ørskog og Aurland. I brevet er det gjort greie for den anstrengte situasjonen i sentralnettet i Sogn og Fjordane. Konklusjonen er at det ikkje kan tillatast at det blir tilkople meir ny produksjon i nettet mellom Aurland og Ørskog enn dei kraftverka som hadde fått konsesjon før brevet var sendt og motteke av NVE. Statnett har, i samråd med SFE Nett, bestemt at alle kraftverk som måtte få konsesjon frå NVE etter den nemnde datoen, vil få beskjed om at tilkopling til nettet ikkje kan tillatast før sentralnettet er opprusta og overføringskapasiteten er auka. I praksis betyr dette at den nye 420 kV linja frå Sogndal til Ørskog med nødvendig transformering til 132 kV må vere etablert. Dette vil då også gjelde for nettilkopling av dei 10 kraftverka som no er omsøkt i Flora kommune.

Konsesjon for den nemnde 420 kV linja med transformatorstasjonar mellom anna i Moskog og i Ålfoten-området er stadfesta av OED og bygging av anlegga er i gang. Nødvendige tiltak i sentralnettet var planlagt gjennomført i løpet av 2015. Nyaste informasjon om framdrift tilseier at ferdigstilling av det nye sentralnettet sannsynlegvis vert utsett til omkring 2016. Dette vil ha betydning for all ny kraftproduksjon i SFE sitt nettområde, følgjeleg også for dei 10 kraftverka i Flora kommune.

Slik kraftverka er lokalisert i framlagde konsesjonssøknader, er det for SFE Nett naturleg å vurdere nettsituasjonen for dei aktuelle kraftverka gruppevis, slik:

- 1) Langedal og Øvre Agledal kraftverk
- 2) Grønskredvatnet, Hestedalsvatnet, Litlevatnet og Myrbærdalen kraftverk
- 3) Klauva kraftverk
- 4) Steindal kraftverk
- 5) Botnaelva kraftverk, Løkkebø kraftverk

1) Langedal (3,0MW) og Øvre Agledal kraftverk (2,8 MW).

I tillegg til dei to konsesjonssøkte kraftverka har vi registrert at NVE har gjeve konsesjon til Stølselva kraftverk (1,2 MW) som ligg i same området som Langedal og Øvre Agledal kraftverk, men at konsesjonsvedtaket for Stølselva er klaga inn til OED for endelig avgjerd. Samla planlagt installasjon for dei tre kraftverka er 7 MW.

Det er vurdert fleire alternative tilknytningar for desse 3 kraftverka.

Kraftverka ligg opp mot grensa til Sunnfjord Energi sitt konsesjonsområde. Næraste overliggande transformatorstasjon vil vere Naustdal transformatorstasjon (66/22 kV) som er eigd av Sunnfjord Energi.

Frå Naustdal transformatorstasjon går det ein 22 kV kabel gjennom Naustdalstunnelen, der det nord for tunnelen er lagt til rette for samankopling med SFE Nett si 22 kV linje, som også er bygd fram mot dette punktet.

Etter samråd med Sunnfjord Energi har SFE Nett fått aksept for at det vil kunne matast produksjon frå SFE Nett mot

.....Kraftfull og nyskapande med lokale røter.....

Sogn og Fjordane Energi AS

Bukta, 6823 Sandane
Telefon: 57 88 47 00
Telefaks: 57 88 47 01
Org. nr.: 984 882 092
Bankkonto: 84808503696
E-post: post@sfe.no

SFE Kraft AS

Bukta, 6823 Sandane
Telefon: 57 88 47 00
Telefaks: 57 88 47 01
Org. nr.: 984 882 076
Bankkonto: 84808503718
E-post: post@sfe.no

SFE Nett AS

Bukta, 6823 Sandane
Besøksadr. Hamregata 1, Florø
Telefon: 57 74 61 00
Telefaks: 57 74 61 01
Org. nr.: 984 882 114
Bankkonto: 84808503726
E-post: post@sfe.no

SFE Produksjon AS

Bukta, 6823 Sandane
Telefon: 57 88 47 00
Telefaks: 57 88 47 01
Org. nr.: 984 882 106
Bankkonto: 84808503734
E-post: post@sfe.no

Sunnfjord Energi sitt 22 kV nett og vidare mot Naustdal transformatorstasjon i den grad som eksisterande 22 kV kabel i Naustdalsstunnelen har kapasitet. Kapasiteten til kabelen vil vere begrensa til ei belastning som tilsvarar om lag samla planlagt effektinstallasjon i dei 3 kraftverka (7MW). Om både Langedal og Øvre Agledal krafverk skal byggjast som planlagt, må 22 kV linja frå Naustdalsstunnelen til Langedal/Øvre Agledal i så fall forsterkast (byggast om) til eit grovare tverrsnitt enn den har i dag. Ei matning mot Naustdal føreset at det vert auka transformeringskapasitet 132/66kV i Moskog.

Eit anna vurdert alternativ er å føre produksjonen frå dei 3 kraftverka mot Grov transformatorstasjon, men dette føreset at det meste av 22 kV linja frå Langedal mot Grov må oppgraderast. Transformatorkapasiteten i Grov må då aukast. For øvrig vil også andre nye kraftverk medverke til at dette må gjerast. Vedkomande transformatorkapasitet i Grov, sjå også pkt. 3 nedanfor.

Eit tredje alternativ er å føre produksjonen frå dei 3 kraftverka mot Sagefossen transformatorstasjon. Det vil då være felles tilkobling med Løkkebø kraftverk (sjå pkt. 5 lenger nede). Dette føreset at store delar av 22 kV linja mellom Langedal/Øvre Agledal og Sagefossen vert oppgradert (bygd om). Sagefossen er i dag regionalnettstilkobling for om lag 70 GWh produksjon i Hyen (i Gloppen kommune). Dagens R-nett vil ikkje ha kapasitet til alle konsesjonssøkte kraftverk i det underliggende nettet. På grunn av planar for Gjengedal kraftverk og fleire planlagde nye småkraftverk i Hyen, har SFE Nett under utarbeiding ein konsesjonssøknad for ny 132kV leidning Storebru – Gjengedal. Denne vil erstatte dagens 66kV leidning Storebru – Sagefossen. Om dette nettiltaket vert realisert, er det ikkje gjeve at Sagefossen vert vidareført som transformeringspunkt til 22kV. I så fall vil det vere mindre aktuelt å føre produksjonen frå dei 3 kraftverka heilt til Hyen.

Kva som må byggast nytt eller forsterkast på 22 kV nivå i SFE Nett sitt område for å handtere ny produksjon, vert bestemt når det er avklart kva for kraftverk som får konsesjon i det aktuelle området.

2) Grønskredvatnet (5,0MW), Hestedalsvatnet (3,8 MW), Litlevatnet 5,0MW) og Myrbærdalen (3,1MW) kraftverk

Desse kraftverka er konsesjonssøkt av SFE Produksjon og ligg nokolunde samla i Norddalsvassdraget. Samla planlagt installasjon er summert til 17,9 MW basert på føreliggande søknadar. For å kunne handtere ei slik innmating, må det byggast ei kraftig 22 kV linje frå Grov transformatorstasjon og fram til Norddal, der Litlevatnet kraftverk er planlagt. Linja vil erstatte eksisterande svake linje på strekninga. Frå Litlevatnet kraftverk må det så byggast ny 22 kV produksjonsradial til Hestedalsvatnet og Grønskredvatnet. Myrbærdalen kan vere aktuelt å kople til 22kV nettet nærare Solheim.

Eksisterande transformator (66/22 kV) i Grov er 10 MVA og har kapasitet berre til ein mindre del av den planlagde nye produksjonen. Frå før er det knytt til fleire kraftverk mot Grov på 22 kV. (Dette gjeld Storelva, Strupen, Budalselva, Kvangreelva, Skolten og Hovland kraftverk, til saman 6,5-7 MW). Det tilknytte forbruket er lite samanlikna med tilknytt produksjon, slik at transformatorkapasiteten i Grov må aukast, sjølv med ein moderat auke i tilknytt produksjon. Også andre planlagde kraftverk, som Klauva og Steindal kraftverk (omtalt nedanfor) vil medverke til at eksisterande transformator fort vert for liten. Om ein eventuelt større transformator skal transformere frå 22 kV til 66 kV eller til 132 kV, vil bli teke stilling til når ein ser omfanget av ny produksjon som får konsesjon og som det er naturleg å knyte opp mot Grov transformatorstasjon. Ein utviding av transformatorkapasiteten vil for øvrig vere konsesjonspliktig.

3) Klauva kraftverk(3,3MW)

Frå Grov transformatorstasjon og fram til nordsida av Norddalsfjorden går det ei 22 kV linje som i dag greiner seg av mot Norddalsfjorden og mot Haukå. Vi har tidlegare skissert ei nettløysing til utbyggar for dette kraftverket, som går ut på at det byggast ny 22 kV linje frå Klauvene og fram til Haukå, slik at produksjonen frå Klauva kan førast fram til Grov transformatorstasjon.

Vedkomande behov for auke av transformatorkapasitet, sjå pkt. 2) ovanfor.

4) Steindal kraftverk(5,0MW)

Dette kraftverket er planlagt ovanfor der eksisterande Skolten kraftverk er i dag.

I dag er det ei avgreining på 22 kV linja mellom Grov og Øyravatnet som er ført frå Ossstrupen og fram til Svardalen der Skolten kraftverk er lokalisert. Linja Osstrupen- Svardalen har ikkje kapasitet til Steindal kraftverk i tillegg til Skolten kraftverk. På linja Grov-Øyravatnet vil det vere kapasitet til å føre produksjonen frå Steindal (og Skolten) mot Grov transformatorstasjon. Steindal kraftverk vil såleis utløyse ny forsterka linje frå Osstrupen til Svardal.

Alternativt er det vurdert om det kan byggast ny linje frå Svardalen mot Vasset /Eikefjord, men det er ikkje funne å vere enklare enn å forsterke linja i eksisterande trasé Osstrupen- Svardalen.

Vedkomande behov for auke av transformatorkapasitet, sjå pkt. 2) og 3) ovanfor.

5)Botnaelva og Løkkebø kraftverk

Desse kraftverka har Sagefossen transformatorstasjon som næraste overliggende transformeringspunkt (66/22 kV) Frå Botnaelva kraftverk må det byggast ei separat 22 kV linje frå kraftverket og fram til Sagefossen transformatorstasjon. Løkkebø kraftverk vil kunne tilknytast eksisterande 22 kV linje som går mellom Grov og Sagefossen, utan at denne linja må forsterkast med mindre fleire andre kraftverk skal overførast same vegen, jfr. Pkt.1. På sikt er planen å sanere alt

66 kV nett i området og knyte Sagefossen til 132 kV Moskog- Grov, som vil få 132 kV avgreining på Storebru mot Sagefossen og eventuelt vidare mot Hyen. (sjå pkt. 1).
Konsesjonssøknad for 132 kV nett, inkl linje og transformatorstasjonar i Hyen er under utarbeiding.


SFE Nett legg til grunn at ei endeleg nettløysing i området skal gje nettilgang både for kraftverk i Hyen og for kraftverk rundt Sagefossen som Botnaelva og Løkkebø kraftverk.

Anleggstilskot

Anleggstilskot vil bli innkrevd etter gjeldande regelverk frå NVE. Generelt vil det bli krevd anleggstilskot for nødvendige forsterkingar for 22 kV nett.

Dersom det elles er spørsmål om nettsituasjonen for dei konsesjonssøkte kraftverka, kan spørsmåla rettast til SFE Nett.

Med helsing
SFE Nett AS



Reidar Hope
Seniorrådgjevar